



TEPPEFLISER



TEPPEFLISER

Hensikt

I denne aktiviteten skal barna leike i høg intensitet ved å skubbe og dra kvarande på teppefliser. Barna utfordrar samstundes både motoriske og kreative ferdigheiter ved å kome på nye måtar å forflytte seg på.

Utstyr

Små teppefliser/skliputer eller vaskefiller

Forklaring

1. To og to barn går saman om ei eller to fliser, og skal saman finne ulike måtar å dra/dytte kvarandre på.
2. Barna kan springe eller gå, ligge på ryggen, ligge på magen, stå på huk. Barna kan dra framover, bakover, sidelengs, slalåm osb.

Variasjon

- Barna kan være åleine om ei eller to fliser.
- Barna kan late som om dei går på skøyter/ski, twister, kryper o.l.